



Ing K Dømbe  
Fanavegen 221C  
5239 RÅDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2206 - 19/27093

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:  
22.10.2019

## Løyve til oppføring av to lagerhallar- gnr 137/772 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr: 506/19

Tiltakshavar: Nortrans Veg og Anlegg AS  
Ansvarleg søker: Ing K Dømbe  
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av to lagerhallar med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 360 m<sup>2</sup> og 150 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 3,22 % BRA. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Det vert elles vist til søknad motteken 05.08.19 og supplert 30.08.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.08.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i reguleringsplanen for *Galtaråsen industriområde gnr 137 bnr 1 og 17, del av bnr 13*, og er definert som *Næring, kontor og industri* (N/K/I-4). Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 80 % BYA.

### Uttale frå anna styresmakt

Det ligg føre vedtak samtykke i frå Arbeidstilsynet datert 29.08.19.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering



Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.06.19. Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4 meter. Den største hallen er derimot ca. 10 meter høg, og kravet til nabogrensa blir da 5 meter. Ansvarleg søker har epost mottatt 13.09.19 samtykka om å plassera hallen 5 meter i frå nabogrense.

For den største hallen er det søkt om mønehøgde på ca. 9,99 meter, og gesims på 8,05 meter. For den minste hallen er det søkt om mønehøgde på 6,89 meter, og gesims på 5,08 meter. Alt målt i frå eksisterande terreng.

#### **Avkørsle**

Avkjørsle til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan og er godkjent i tidligere byggesak 2013/3323.

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen, tegninger og snitt visar at det ikkje skal gjennomførast noko særlege terrenghinngrep.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søker opplyst at:

Tilsvarende prefabrikerte haller er oppført mange steder i landet og er derfor et kjent visuelt innslag i det bebygde miljøet, særleg på anleggsområder og i nærhet til andre nærings- eller industribygg. Byggene er demonterbare og vil enkelt kunne fjernes uten å etterlate seg uønsket fundamentering eller lignende.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6. Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureningsstyresmakta.

#### **VURDERING**

##### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert 5 meter i frå nabogrensa, slik det går fram av søknaden og e-post mottatt 13.09.19.

##### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttar rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av to lagerhallar på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast 5 meter i frå nabogrense, som redegjort for i epost mottatt 13.09.19, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/2206**

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eirik Berntsen  
saksbehandler

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Nortrans Veg og Anlegg AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Ing K Dømbe

Fanavegen 221C 5239

RÅDAL